



SKULESTART 2020

Nordfjordeid skule



Velkomen til skulestart og eit nytt skuleår på Nordfjordeid skule!

Innhald

Helsing frå rektorane	3
Regelverk for trygt og godt skulemiljø	4
Skulen si heimeside	5
Skuleruta, viktige datoar	6
Bestilling av melkeprodukt og frukt	6
Timeoversikt	7
Skulehelsetenesta	8
Klassekontaktar	10
Råd og utval	10
Språkkommune	11
Sjumilssteget	11
Informasjon om Delfinen SFO	12



Helsing frå rektorane

Det er med glede vi ønskjer alle dei 336 elevane våre velkomne til nytt skuleår. Våren 2020 vart spesiell på grunn av Korona, men med godt samarbeid med heimane, kom vi gjennom denne perioden på ein god måte. Koronatida er ikkje over, så arbeid med smittevern blir framleis viktig framover. Skulen følgjer folkehelseinstituttet og kommunen sine retningslinjer for smittevern.

Administrasjonen og dei andre tilsette arbeider kvar dag for at alle elevane ved skulen skal trivast og tilhøyre fellesskapet. Vi legg vekt på å lære god folkeskikk og høfleg framferd, og at alle skal ha respekt for kvarandre.

Lærarane ved skulen er positive til utvikling og arbeider tett saman for å finne gode løysingar. Teama har ansvar for å legge forholda best mogleg til rette for at både elevgrupper og einskildelevar har ein variert og lærerik kvardag.

Det er svært viktig at føresette tek opp saker de lurar på. God dialog mellom heim og skule er heilt avgjerande for at skulen skal utvikle seg. Vi arbeider alle i lag for at elevane ved Nordfjordeid skule skal ha god fagleg og sosial kompetanse. Ei positiv haldning til skulen er grunnlaget i dette arbeidet.

Vi vil gjere vårt beste for at Nordfjordeid skule skal vere ein god stad å vere og ein god stad å lære, og håpar og trur på godt samarbeid i året som kjem.

Beste helsing

Anne-Grete Eikås

Rektor

age@stad.kommune.no

Tlf.: 959 06 237

Peder Felde

Assisterande rektor

pfe@stad.kommune.no

Tlf.: 970 32 761

Regelverk for trygt og godt skulemiljø

Ifølgje regelverk gjeldande frå 01.08.2017 har alle elevar rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.

Skulen skal sørgje for at elevane har det trygt og godt på skulen.

Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- Gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- Seie frå til rektor
- Undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen. Dette blir kalla skulen si aktivitetsplikt.

Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal då varsle skuleeigaren, som vil følgje opp saka vidare.

Melde saka til Fylkesmannen

Dersom du eller barnet ditt meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Fylkesmannen.

- Først må du ha teke opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no

Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Fylkesmannen.

Digital kommunikasjon med heimen

Heimeside

Skulen vil i løpet av kort tid gå over til ny heimeside. Den nye heimesida vil vere ein integrert del av Stad kommune si heimeside.

- Informasjon på denne sida vil vere av meir statisk karakter der ein vil finne all relevant informasjon om skulen.

Facebook

Skulen vil også få ei offisiell facebookside der nyhende og «glimt frå skulekvardagen» blir publisert med jamne mellomrom.



Nordfjordeid skule
@nordfjordeidskule

Startside



Vigilo

Dagleg kommunikasjon mellom heim og skule:

Skulen starta i vår å bruke Vigilo-app som primær kommunikasjonskanal mellom heim og skule. Meir informasjon om dette finn de her: <https://vigiloskole.zendesk.com/hc/no/sections/360004634174-Veiledning-til-foreldre>

Læringsplattform

Skulen brukar «Google suite for education» som er ein skybasert kontorpakke med innebygd læringsplattform. I tillegg har skulen tilgang på læringsplattforma Itslearning. Dei ulike klassetrinna vil informere meir om kva system dei kjem til å bruke.



Skuleruta 2020-21

AUG	Første skuledag	17. august
OKT	Haustferie	5.-9. oktober, veke 41
NOV	Elevfri dag	13. november (fredag)
DES	Siste skuledag før jul	22. desember
JAN	Første skuledag etter jul	4. januar
FEB	Vinterferie	22. – 26. februar, veke 8
MAR	Elevfri dag	12. mars (fredag)
	Siste skuledag før påske	26. mars
APR	Første skuledag etter påske	6. april
MAI	Elevfri dag	14. mai
JUN	Siste skuledag	18. juni

Foreldremøte:

1. termin – veke 35 - 40
2. termin – veke 16 - 19



Bestilling av melkeprodukt og frukt

www.skolelyst.no
www.skolefrukt.no

Det tek om lag ei veke frå bestilling til elevane får varene.

Leskehjelp

Ved Nordfjardeid skule vert det gjeve tilbod om leksehjelp for elevar frå 4.- 7. klasse. Skulen vil sende ut eige informasjonsskriv om leksehjelpa ved skulestart.

Timeoversikt

Man – tys – tors – fre	Start	Slutt	
1. time	08.50	09.50	60 min
Friminutt	09.50	10.10	20 min
2. time m/måltid	10.10	11.25	75 min
Friminutt	11.25	11.55	30 min
3. time	11.55	13.10	75 min
Friminutt	13.10	13.30	20 min
4. time	13.30	14.30	60 min
Onsdag			
1. time	08.50	09.50	60 min
Friminutt + fysisk aktivitet	09.50	10.05	15 min
2. time	10.05	10.50	45 min

Timeoversikta er eit utgangspunkt for skuledagen. For å nytte uteområdet betre, vil trinna gjennomføre friminutt på andre tidspunkt enn det som er vist her. Vekeplanane til elevane vil gje ei meir detaljert oversikt over organiseringa av skulekvardagen for dei ulike trinna.

Skulehelsetenesta

Hensikta med skulehelsetenesta er blant anna å vere lett tilgjengeleg for elevane. Eleven skal ha moglegheit til å ta kontakt med helsesjukepleiar med sine små og store spørsmål. Det er viktig med god dialog mellom foreldre, tilsette på skulen og helsesjukepleiar. Vi skal jobbe tverrfagleg både med skulen og andre instansar for å fremme helse og trivsel for elevane.

Oppgåver i skulehelsetenesta:

- Samtale med enkeltelevar og grupper
- Delta på samarbeidsmøte kring enkeltelevar
- Undervisning
- Aktuelle tema kan vere psykisk helse, søvn, kosthald, fysisk aktivitet, pubertet, kropp og seksuell helse, tobakk, alkohol og andre rusmidlar, vald og overgrep.
- Foreldrerettleiing
- Fleire helsesjukepleiarar har kompetanse på COS-P og ICDP foreldrerettleiingsprogram.
- Fråfall/fråvær/mobbing/mistrivsel, skulen kan gjerne involvere helsesjukepleiar.

Skulehelsetenesta skal ha fokus på barn og unge si fysiske, psykiske og sosiale helse. Helsesjukepleiar ønsker å kome i kontakt med elevar som har utfordringar i livet og treng nokon å prate med. Det er viktig å kome inn tidleg for å bevare helse og trivsel.

Dersom det oppstår noko som har innverknad på eleven si helse og trivsel, oppmodar vi elev, foreldre og lærar om å ta kontakt. Skulen kan ta kontakt dersom det er ønskeleg med gruppe, samtaler eller undervisning om helsetema.

Vi håpar på eit godt samarbeid, ta gjerne kontakt om det er noko de lurar på.

Helsesjukepleiar på Nordfjordeid skule måndag og torsdag:

Mari Johanne Solheim tlf. 95 06 37 93 (A-klassene)

Siv Anita Drageset tlf. 98 90 88 23 (B-klassene)

Skulehelsetenesta

Alder	Plan
Skulestart 1. klasse	Helsesamtale/ legeundersøking på helsestasjonen Målretta: Samtale om kjønnslemlesting
2. klasse	Vaksinasjon på helsestasjonen: Difteri, stivkrampe, kikhoste, polio 10.-11.09.2020
2. klasse	Undervisning: Psykologisk førstehjelp
3. klasse	Vekt og høgde Helsesamtale: Individuell med eleven på skulen
3. klasse	Undervisning: Kosthald, fysisk aktivitet
3. klasse	Foreldremøte: Kost og fysisk aktivitet med fysioterapeut og helsesjukepleiar
4. klasse	Undervisning: Vald og overgrep
5. klasse	Undervisning: Pubertet og eigenomsorg Målretta: Samtale om kjønnslemlesting
6. klasse	Vaksinasjon på skulen: Meslingar, kuma, «røde hunder» 14.09.2020
6. klasse	Undervisning: Psykologisk førstehjelp
6. klasse	SMISO
7. klasse	Vaksinasjon på skulen: HPV 14.09.2020 og 25.03.2021
7. klasse	Undervisning: Identitet, forventningar og venskap Overgang til ungdomsskule

Klassekontakter

Klasse	A – klassa	B-klassa
1	Val på første foreldremøte	Val på første foreldremøte
2	Kari Norbakk Rovde Kåre-Olav Farstad	Kathrine Bjørnholt Knut Inge Bjørneset
3	Hallgeir Sandal Britt Margunn T. Kolseth	Hege Anita Hjelmeland Frode Ivar Løvlid
4	Kristina Kostopoulos Astrid Mikalsen	Kariann Aga Ness Ingrid Tangenes Os
5	Heidi Isene Linda Gjengedal	Marianne Hennøen Tonje Sjaastad
6	Peder Jacobsen Anne Dybedal Berteig	Marianne Torheim Janne Helen Henden
7	Mailinn Repål Janne Os	Ingeborg Bjelland Inger Steine

Dette er klassekontaktene for skuleåret 19/20. På grunn av korona blei det ikkje valt klassekontakter i vår. Vi håpar å få gjennomført klasseforeldremøte i haust med val av nye klassekontakter.

Klassekontakta som står først på lista i kvar klasse er medlem i FAU. Den andre er vara i FAU.

Råd og utval

Etter opplæringslova §11 skal skulen ha desse utvala:

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU): Alle foreldre som har barn i skulen, er medlemar av skulen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. FAU skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skulen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

Samarbeidsutval (SU) og skulemiljøutval (SMU): Representantar for foreldre, elevar og tilsette.

Elevråd: I elevrådet sit 12 elevrepresentantar frå 5.-7. kl. Dei andre klassene sender innspel til møta, og får referat som vert behandla i klasseråd. Ein lærar er elevrådskontakt.

Sjumilssteget


Dette foreldrerettleingsprosjektet vert tema på foreldremøta på alle trinn. Det vert arbeidd med faste tema på kvart trinn gjennom dialogark og aktivitetsark.

Dialogark

I barneskulen er tema i dialogarka: Skulestart, leselyst, fysisk helse og kosthald, nettvett, søvn, å tole kjensler og forstå seg sjølv og andre.

Aktivitetsark

Aktivitetsarka er eit verkøy som peikar på det uformelle fellesskapet mellom foreldre og barn i ei gruppe som ein viktig del av eit godt oppvekstmiljø.



Informasjon om Delfinen SFO

Opningstider

Kvar morgon: Kl. 07.30 – 08.50

Måndag, tysdag, torsdag og fredag: Kl. 14.30-16.30

Onsdag: Kl. 10.50 – 16.30

Påmelding

Påmelding skjer via Vigilo. Påmeldingsfrist er 1.august, men det er likevel høve å søkje om plass gjennom skuleåret. Eleven kan då starte på SFO 3 veker etter innsendt søknad. Ein må melde på eleven på nytt kvart skuleår. Påmeldinga er altså ikkje løpande for alle åra inntil ei oppseiing, men krev fornya søknad kvart skuleår.

Oppseiing av plass

Plass i skulefritidsordninga kan seiast opp frå den 1. i kvar månad med minst ein månads varsel. Det skal betalast vanleg foreldrebetaling i oppseiingstida sjølv om barnet ikkje nyttar plassen. oppseiingsskjema finn de på www.stad.kommune.no

Feriar

SFO held ope veka før skulestart, og ons-, tors- og fre-dag i haustferieveka og vinterferieveka, så lenge det er minimum 3 påmelde per dag. Opningstida er i feriar kl. 07.30 – 15.30. Fristen for påmelding er 3 veker før kvart ferieopphald.

Påmeldinga er bindande. De finn elektronisk påmeldingsskjema til feriane på www.stad.kommune.no

Kostpengar:

Elevar som har dag onsdagane på SFO, betalar kr 100 pr. halvår i kostpengar. Vi lagar lunsj til elevane kl. 10.50. Dei treng berre ta med mat til det andre måltidet denne dagen.

Har de spørsmål, ta kontakt:

Mailinn Repål

Dagleg leiar v/Definen SFO

Tlf: 95 04 78 52

E-post:

mailinn.repal@stad.kommune.no









Stad kommune

Nordfjordeid skule

Besøksadresse: Skulevegen 33

Postadresse: Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon: 57 86 34 20

E-post: age@stad.kommune.no